

Bømlo Musikal Laug fekk kulturprisen

Stein-Erik Ovesen

Det kommunale utval for levekår vedtok torsdag kveld samrøystes at Bømlo kommune sin kulturpris for 2003 skal gå til Bømlo Musikal Laug.

Det heiter fra utval for levekår at Bømlo Musikal Laug med framsyninga "Les Misérables" i Moster Amfi sommaren 2003 hausta fortent merksemd og rosande omtale langt ut over kommunegrensene:

- Bømlo kommune blei atter satt på det nasjonale kulturkartet. Stikkord som entusiasme, byrgskap, kvalitet, speleglede, kunstnerisk mot og profesjonalitet i alle ledd har vore omgrep som er forbunde med opplevingane i Moster amfi desse ugløymelege sommarnettene.

- Kulturengasjement samlar profesjonelle og amatørar til suksessfullt samspel, der unge og eldre saman skapar ei oppleving, som dei evnar å formidle til eit bergteke publikum.

- Ved å tildele Kulturprisen for 2003 til Bømlo Musikal Laug, vil Bømlo kommune retta ei stor takk til initiativtakarane og alle som var involverte i prosjektet. Dei har vore framifra ambassadørar for kommunen vår, og synt at ein får til det mest utrulege, berre ein står saman og har mot til å satse, heiter det fra Frode

Larsen (H), leiar i utval for levekår.

Fire verdige kandidatar

Tidlegare har dei lokale politikarane vald å ikkje opplysa noko om kven som har vore foreslegne som kandidatar til den kommunale kulturprisen. Men etter endringane i den kommunale utvalsstrukturen har handsaminga av den kommunale kulturprisen frå no i haust av kome inn under det nye hovudutvalet for levekår. Og da høvde det med ei anna endring, på det viset at alle kandidatane denne gongen vart offentleggjorde. Det var såleis fire svært så verdige kandidatar som utvalsmedlemene måtte velja mellom: Bømlo Musikal Laug, Helge Larsen, Mannskoret Havdur, Jan og Olaug Stokkenes.